

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 13.09.21
SAKSHANDSAMAR: Haldis Økland Lier
SAKA GJELD: **Forskingsaktivitet i Helse Fonna (2020)**

STYRESAK: 66/21

STYREMØTE: 29.09.21

2 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Bakgrunn for saka

Forskning er saman med pasientbehandling, opplæring av pasientar og deira næraste, og utdanning av helsepersonell dei fire primære ansvarsområda til helseføretaka, jamfør spesialisthelsetenestelova § 3-8. Forsking har som mål å få fram ny og nyttig kunnskap. Den viktigaste nytta er den som pasientane opplever i form av betre utgreiing, behandling og oppfølging. Innovasjon er eit nytt produkt, ei teneste, ein ny produksjonsprosess eller ny organisasjonsform som skapar verdiar som auka kvalitet, auka effektivitet, auka produktivitet i helse – og omsorgssektoren og auka tilfredsheit hos pasientar, pårørande og tilsette (Helse- og Omsorg21 strategien s.113).

Det er vedtatt ein ny nasjonal handlingsplan for kliniske studiar som skal gjelde frå 2021 til 2025. Handlingsplanen har to hovudmålsettingar:

Andelen pasientar i spesialisthelsetenesta som deltar i kliniske studiar er 5 prosent i 2025 og talet på kliniske studiar er dobla i perioden frå 2021 til 2025.

I styringsdokumentet 2021 for Helse Fonna er målsettinga for kliniske behandlingsstudiar at talet på kliniske behandlingsstudiar i føretaka som inkluderer pasientar i 2021 er auka med minst 15 prosent samanlikna med året før. I tillegg ber Helse Vest RHF helseføretaka om å:

- Følgje opp *Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar 2021-2025*
- Legge til rette for meir samarbeid om kliniske studiar mellom helseføretaka i regionen
- Auke talet på kliniske studiar som vert koordinert frå regionen
- Nytte felles infrastruktur for forskning (til dømes innan biobank, datalagring og analyse)

Forskningsstrategi

I sak 35/21 vedtar Styret i Helse Fonna revidert strategi for forskning og innovasjon i Helse Fonna. Strategien gjeld frå 2021-2026.

Hovudmål i strategien er at Helse Fonna skal ha forskning og innovasjon av god kvalitet i alle kliniske einingar.

Strategien har tre fokusområde: Klinikknær forskning og innovasjon, frå utdanningsinstitusjon til robust forskingsinstitusjon og samarbeid.

Forsknings- og innovasjonsavdelinga har ein tiltaksplan for 2021. Tiltaksplanen og måloppnåing er vedlagt (vedlegg 1 og vedlegg 2).

Brukarmedverknad i forskning

Helse Fonna har retningsliner for brukarmedverknad i forskning og vil legge til rette for god brukarmedverknad i forskingsprosjekta. Brukarane vil kunne bidra til betre kvalitet i forskinga med bidrag i heile forskingsprosessen; forskinga sin relevans, innsamling og forståing av datamateriale og formidling av forskinga. Helse Fonna har sidan 2017 hatt eit rådgjevande brukarpanel for forskning. Panelet har medlemmer rekruttert frå ulike

brukarorganisasjonar (Revmatiker forbundet, Mental helse, Brystkreftforeningen, ADHD Norge og Landsforeningen for hjerte- og lungesjuka). Forskarane får presentert forskingsprosjekta til drøfting og rådgjeving i Brukarpanelet. På grunn av koronapandemien vart aktiviteten i Brukarpanelet sterkt redusert og i 2020 blei berre fire prosjekt drøfta i panelet.

80 % av brukarane og 50 % av forskarane gjennomført eit eLæringskurs om brukarmedverknad i forskning i 2020. Det har vore gjennomført ei intern evaluering av Brukarpanelet, både frå forskarar og brukarar.

Evalueringa er lagt fram for Brukarutvalet i Helse Fonna i møte 18. juni 2021 saman med den vedtekte strategien for forskning og innovasjon. Tema i evalueringa har omhandla opplæring, møte, dialog og representasjon. Både brukarane og forskarane gir gode tilbakemeldingar på nytte og organisering av Brukarpanelet.

Grunna koronarestriksjonar har Brukarpanelet sin aktivitet ikkje starta opp att, men vil starta opp aktiviteten i siste halvdel av 2021.


Forskingsadministrative rutinar

Helse Fonna har eit eige personvernombod. I tillegg har Helse Fonna avtale med Norsk senter for forskingsdata (NSD) som er rådgjevande for forskarar og personvernombodet i saker om personvern i forskingsprosjekt. Alle forskingsprosjekt etter helseforskningslova blir vurdert av Regional komité for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk (REK) og alle forskingsprosjekt skal vurderast etter personvernlovgjevinga før dei blir godkjent internt i føretaket av administrerende direktør. Ingen forskingsprosjekt skal starte utan intern godkjenning. Forskarar frå andre institusjonar som søker data frå føretaket må leggje fram tilsvarende dokumentasjon før dei får godkjent utlevering av data.

I januar 2021 blei regional eProtokoll for personvernvurdering tatt i bruk i Helse Fonna.

Helse Fonna har tatt i bruk det administrative systemet Elements for elektronisk godkjenning av forskingsprosjekt før oppstart.

Godkjenningsprosessen for forskingsprosjekt i Helse Fonna gjeldande frå 2021:



Forskingsaktivitet


Helse Fonna har over fleire år hatt ei auke i forskingsproduksjon.

Eit nasjonalt registreringssystem for forskning, CRIStin, måler all forskingsaktivitet i Noreg, både artiklar, bøker, bokkapittel og doktorgradar gir poeng. Forskningspoeng dannar vidare grunnlaget for tildeling av forskingsmidlar til dei regionale helseføretaka.


I Helse Fonna er det to forskingsgrupper; Eldremedisinsk forskingsgruppe og Indremedisinsk forskingsgruppe. Eldremedisinsk forskingsgruppe hadde i 2020 åtte medlemmer og seks publikasjonar, Indremedisinsk forskingsgruppe hadde 13 medlemmer og 19 publikasjonar.

I 2020 var det 66 vitenskaplege publikasjonar der ein eller fleire forfattarar var tilsett i Helse Fonna, 11 av desse var i nivå 2- tidsskrift.

Figur 1. Tal på vitenskaplege publikasjonar frå 2003 til 2020



Figur 2: Tal på vitenskaplege publikasjonar i nivå 2 og nivå 1 tidsskrift



Éi doktorgrad blei kreditert Helse Fonna i 2020. Det var overlege Tone Henriksen med avhandlinga *Blue-blocking glasses as adjunctive treatment for bipolar mania — and exploration of motor activity patterns in serious mental disorders*.

Formidling

Ein viktig del av forskingsoppdraget er formidling av forskinga. Tabellen under viser foredrag, posters/abstracs, kronikkar og artiklar i ikkje-vitskapelege tidskrift som Helse Fonna sine forskarar har bidrege med i 2020.

Tabell over anna forskingsformidling:

Kategori	Talet i 2020
Poster/abstraks på forskingskonferansar	4
Populærvitskapelege foredrag	27
Ikkje-vitskapelege artiklar, kronikkar, retningsliner etc.	33

Finansiering av forskingsprosjekt

I 2020 sendte Helse Fonna 9 søknadar om regionale forskingsmidlar til Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon i Helse Vest. Ingen av desse fekk tildeling. 5 tidlegare tildelte stipend vart vidareført.

Helse Fonna finansierte i 2020 to doktorgradsstipend i 50% og bidrog med 50% finansiering av eit postdoc prosjekt;

- *Ernæringsrisiko og helsetenesteburk hos eldre v/ernæringsfysiolog Kristin Folven*
- *Need for specialised mental health care: A multi-method study of how shared understanding among care providers and patients can be improved in mental health care v/psykolog Marit Nymo*
- *Mer enn bare et nytt bygg? – om teamarbeid, pasientsikkerhet, kultur og tilfredshet v/intensivsjukepleiar PhD Heidi Bringsvor* er finansiert 50 % frå Helse Vest og 50 % frå Helse Fonna

I oktober 2019 blei overlege PhD Arvid Rongve tildelt 20 millionar kroner frå Nasjonalt program for klinisk behandlingforskning i spesialisthelsetjenesten (KLINBEFORSK) for multisenterstudien *Ambroxol and Nilvadipine in early and prodromal Dementia with*

Lewy bodies kor 9 sjukehus frå alle helseregionar deltek. Inkludering av pasientar starta i 2021.

Forslingsseminar og kurs

Helse Fonna sitt interne forskingsseminar var 1. oktober 2020 der interne forskarar presenterte prosjekta: *Implementering av forskningskunnskap i klinikk: Hva kan vi lære av forskning?* v/Miriam Hartveit PhD, *Aktuell klinisk forskning, Covid-19: Norplasma monitor* v/Tor Hervig professor og *Forskningsbasert innovasjon: iSpe* v/Oddbjørn Hove PhD.

Innovasjon

Helse Fonna fekk i 2020 innmeldt to idear til Idémottaket. I 2020 fekk Helse Fonna ekstern finansiering til to prosjekt; iSpe (680.000,-) og Barn og unges helsetjeneste (600.000,-). Finansiering var frå Helse Vest.

I 2021 blei iSpe tildelt ytterlegare 1.200.000,- for to år frå Helse Vest. Dette prosjektet blei presentert for Styret 27.05.2021.

Helse Fonna har samarbeidsavtale med Vestlandets Innovasjonsselskap AS (VIS), for å få råd og rettleiing i innovasjonsprosjekt.

Vedlegg

Vedlegg 1: Tiltaksplan for 2021

Vedlegg 2: Måloppnåing

Tiltaksplan 2021 for Forskning og innovasjon i Helse Fonna

Tiltaksplanen er forankret i **Strategi for forskning og innovasjon i Helse Fonna HF 2021-2026.**

Overordna målsetning:

Forskning og innovasjon av god kvalitet i alle kliniske einingar.

Strategien har tre fokusområder:

- Fra utdanning til robust forsknings- og innovasjonsinstitusjon
- Klinikknær forskning og innovasjon
- Samarbeid



Styringsdokumentet til Helse Fonna for 2021:

- Mål: Antal kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderte pasientar i 2021 er auka med minst 15 pst. samanlikna med året før.

Tiltak 2021

Fra utdanningssinstitusjon til robust forsknings- og innovasjonsinstitusjon

- Rekruttere 1 forskningskoordinator for kliniske behandlingsstudiar i 40% stilling
- Rekruttere 1 innovasjonskoordinator i 50% stilling
- Utlysing av 1 PhD stipend
- Utlysing av 1 postdoc stipend
- Innføring av e-protokoll
- Fokus på formidling med mål om månedlige oppslag internt /eksternt på digitale plattformer og lokale medier
- Evaluere eksisterende forskningsgruppe

Klinikknær forskning og innovasjon

- Oppfølging av Nasjonal handlingsplan for kliniske behandlingsstudier. Prioritere tilrettelegging for deltaking i kliniske studier, implementering av rutiner og retningslinjer samt administrasjon. Tilsetting av forskningskoordinator.
- Kommunikasjonsplan for å gjøre den nye strategien kjent
- Årsrapportering til foretaksleinga og styret (september)
- Klinikkviss, årlig gjennomgang av pågående forsknings- og innovasjonsprosjekt med direktørene. Presentasjon av forskarar og formidling av forskingresultat.
- Utrede aktuelle tiltak med mål om å øke tilgjenglighet av medisinske støttetjenester (lab og radiologi)
- Samarbeid med Bemanningssenteret om rekruttering og opplæring av inntil 3 forskningssykepleiere
- Avklare organisatoriske forhold, ansvar og retningslinjer for innovasjonsområdet
- Avklare mulige samarbeidspartnere for innovatører regionalt i Helse Vest, nasjonalt og samarbeid med TTO.

Samarbeid

- Evaluering, videreføring og utvikling av Brukerpanelet
- Krav om gjennomført e-læringskurs i brukermedvirkning i forskning og innovasjon for nye forskere
- Årlig rapportering av forskning og innovasjon til Brukerutvalget (september).
- Avtale med Høgskolen på Vestlandet (nivå 2 avtale) for forskning og innovasjon
- Utrede samarbeid og møtepunkt om forskning og innovasjon med kommunene



Nasjonale og lokale føringer	Tiltak 2021	Dato	Mål-oppnåelse
Handlingsplan for kliniske studier 2021-2025	Oppfølging av Nasjonal handlingsplan for kliniske behandlingsstudier – gjennomgang med Fagdirektør og Administrasjonssjef	Januar 2021	
Styringsdokument 2021: Auke andel kliniske studier med 15 %	Gjennomgang i avdelingsmøte i Forsknings- og innovasjonsavdelingen	April 2021	
Riksrevisjonens rapport om kliniske behandlingsstudier	Gjennomgang i avdelingsmøte i Forsknings- og innovasjonsavdelingen	27. mai 2021	

Helse Fonnas strategi for forskning og innovasjon 2021-2026:

Fra utdanningsinstitusjon til robust forsknings- og innovasjonsinstitusjon



Rekruttere 1 forskningskoordinator for kliniske behandlingsstudier i 50 % stilling	15. februar 2021	
Rekruttere 1 innovasjonskoordinator i 50% stilling	2. mars 2021	
Utlysning av 1 PhD stipend	Ansatt fra 1. september 2021	
Utlysning av 1 postdoc/phd-stipend	Ansatt fra 1. oktober 2021	
Utlysning av 3 stimuleringsstipend 20 %	Ansatt fra 1. september 2021	
Innføring av e-protokoll	1. januar 2021	
Fokus på formidling med mål om månedlige oppslag internt /eksternt på digitale plattformer og lokale medier	Mai: 3 Juni: 2 Juli: 2 August: 1	
Evaluere eksisterende forskningsgruppe (intern evaluering i kvar av gruppene ferdig 31. august 2021)	Gjennomgang/drøfting forskningskonferansen 25. november 2021	

Klinikknær forskning og innovasjon 			
Samarbeid 			
	Koordinator for kliniske studiar	31. desember 2021	
	Opplæring av forskingssjukepleiarar		
	Gjennomgang av rutiner og tilrettelegging for deltaking i kliniske studier	Direktørmøte august 2021	
	Kommunikasjonsplan for å gjøre den nye strategien kjent		
	Årsrapportering til foretaksleinga og styret (september)		
	Klinikkvis, årlig gjennomgang av pågående forsknings- og innovasjonsprosjekt med direktørene.		
	Utrede aktuelle tiltak med mål om å øke tilgjengelighet av medisinske støttetjenester (lab og radiologi)		
	Samarbeid med Bemanningssenteret om rekruttering og opplæring av inntil 2 forskningssykepleiere	Start januar 2021	
	Avklare organisatoriske forhold, ansvar og retningslinjer for innovasjonsområdet		
	Avklare mulige samarbeidspartnere for innovatører regionalt i Helse Vest		
	Samarbeidsavtale med VIS for 2021	Juni 2021	
	Legge til rette for den nasjonale kliniske behandlingsstudien IMPRESS		
	Evaluering, videreføring og utvikling av Brukerpanelet	Gjennomgang av evalueringen i september 2021	
	Krav om gjennomført e-læringskurs i brukermedvirkning i forskning og innovasjon for nye forskere	Innført fra 1. januar 2021	
	Presentasjon av forskning og innovasjon og strategi i Brukerutvalget	18. juni 2021	
	Årlig rapportering av forskning og innovasjon til Brukerutvalget (september)	September 2021	
	Utrede samarbeid og møtepunkt om forskning og innovasjon med kommunene – Helsefelleskap		
	Avtale med Høgskolen på Vestlandet (nivå 2 avtale) for forskning og innovasjon	Vedtatt	